

ÅRSRAPPORT 2022



IKA
HORDALAND

Dagleg leiar sin årsberetning

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, vart stifta i 1987. Selskapet er i dag eigd av 24 kommunar frå tidlegare Hordaland fylke. Vi er samlokalisert med Bergen Byarkiv i Hansaparken i Bergen.

Hansaparken på Kalfaret i Bergen huser eit av Norges største kommunale arkivfaglege miljø. Her vert det formidla og forvalta arkiv, rettar og kulturarv for over 500 000 innbyggjarar i Vestland fylke.

Vårt samfunnsoppdrag er å gje innbyggjarane i eigarkommunane ei likeverdig og berekraftig tilgang til dei offentlege arkiva, eigne rettar og felles kulturarv. Vår visjon handlar om å opne dørene til historia og det gjer vi gjennom å vere raus og ryddig.

I over 35 år har vi arbeida for at over 180 år med kommunal historie skal vere forvalta og tilgjengeleg for forvaltning, publikum og forskarar. Vi yter forvaltningsstøtte til eigarkommunane og bidreg til at offentleg dokumentasjon og arkiv vert skapt, teke vare på og gjort tilgjengeleg i samtid og for ettertida, både for forvaltninga og for publikum.

Samordning av arkiva og tilgang til kulturarva og rettane dei kommunale arkiva representerer er ei viktig oppgåve for oss. Det er eit mål for oss at vi lyftar eigarkommunane si arkivforvaltning i flokk slik at vi unngår eit demokratisk klasseskilje i dei offentlege arkiva og innbyggjarane sitt rettsvern.

To år og nær 100 reguleringar i smittevernforskriftene tok det før pandemien var over den 11. februar 2022. Det har vore nokre krevjande år der mykje tid gjekk med til å finne balansen mellom å ivareta dei tilsette og løyse publikum og eigarane sine behov for tenester.

Gjennom desse åra, lærte vi at digitalisering og samordning spelte ei viktig rolle. Vi forstod at vi var tvungne til å utvikle oss og tenestene vi leverte. Dette medførte at vi gjorde endringar og tok i bruk dei nasjonale fellesløysingane som Digitalarkivet representerte. Dette har gjeve tydelege resultat.

I løpet av året vart vi ein av dei største kommunale arkivinstitusjonane i Norge målt i arkiv tilgjengeleg på arkivportalen og på Digitalarkivet. Vi forvalta arkiva, rettar og kulturarva for 24 eigarkommunar og nær 250 000 innbyggjarar i Vestland fylke, både dei nolevande og historiske.

I denne årsrapporten finn du informasjon om korleis våre tilsette i fellesskap arbeider for å levere ei best mogleg arkivteneste, og kva vi gjer for å forbetre og utvikle løysingar som tener eigarkommunar og innbyggjarar.

Eg er stolt over arbeidet vi har levert i meldingsåret og vil med dette rette ei takk til dyktige medarbeidarar, gode kollegaer, eigarane våre og mange og viktige samarbeidspartar for innsatsen i 2022.

Rune Lothe

Dagleg leiar

Bergen 25.04.2023

Innholdsliste

Strategien 2020-2023	5-6
Organisasjon og personale	7-8
Økonomi og byggprosjekt	9-12
Basistenestene	13-21
Depottenestene	22-30
Oppdragstenestene	30-33
<i>Tabell 1. Organisasjon og personale</i>	<i>7</i>
<i>Tabell 2. Økonomi</i>	<i>9</i>
<i>Tabell 3. Basistenesta</i>	<i>13</i>
<i>Tabell 4. Arkivbestand</i>	<i>24</i>
<i>Tabell 5. Katalog</i>	<i>24</i>
<i>Tabell 6. Innsyn</i>	<i>25</i>
<i>Tabell 7. Digitisering av kulturarva</i>	<i>27</i>
<i>Tabell 8. Digitalt depot</i>	<i>30</i>
<i>Tabell 9. Ordningsarbeid og ordningsgrad</i>	<i>31</i>

Strategien 2020-2023

Vi har laga eit framtidssbilde der sakshandsamarar, innbyggjarar og forskarar skal ha digital tilgang til dei offentlege arkiva, eigne rettar og eiga historie.

Vårt syn er at om vi bidreg til at arkivforvaltninga i kommunane er i samsvar med lov og forskrift vil vi og bidra til ei betre ressursnyting og auke verdiskapinga i kommunane. Måla for kvar arkivhaldet skal vere ved utgangen av 2023 er formulert etter kommunane sine behov og pålegg etter lova.



Innsatsområde

I vårt framtidssbilde spelar nasjonale samarbeidsløysingar som Digitalarkivet, samarbeid med frivillige, arkivleverandørar og Universitet i Bergen viktige roller.

Gjennom strategiperioden har vi samarbeida med Arkivverket og delteke på alle arkivtilsyn som våre eigarkommunar har fått dei 3 siste åra. På den måten har vi kunna forbetre ved å hjelpe kommunen å lukke pålegg frå tilsyn.

Vi har følgd opp det regionale nivået og Fylkestinget sitt vedtak frå 15. desember 2020 om regionalt samarbeide gjennom tenesteavtalar. Vi har i dag samarbeidsavtalar med Universitetet i Bergen, IKT-Nordhordland, DigiNordhordland, DigiVestland, Bergen Byarkiv, Industriarkivet i Odde og Arkivverket v/Statsarkivet på Årstad i Bergen.

Det er og jobba med berekraft gjennom sertifiseringa som Miljøfyrtårnbedrift som og inngår som ein del av samarbeidet med Bergen Byarkiv.

Handlingsplanen 2022-2026

Handlingsplanen og tiltaka tek utgangspunkt i status ved inngangen til strategiperioden 2020-2023. Status ved inngangen til strategiperioden var at:

Arkiva er mangelfullt sikra og etterslepet av arkiv som skulle vore deponert er stort.

Arkiva er ikkje digitalt søkbare eller digitalt tilgjengelege.

Tiltaka for å bøte på denne situasjonen kan kort oppsummerast som, Arkiva i hus og Arkiva i bruk.

Arkiva i hus omhandlar fleire aktivitetar for å fange, sikre og klargjere arkiv til formidling. Arkiva i bruk handlar om aktivitetar som skal formidle arkiva til sakshandsamarar, brukarane og forskarar og sikre at arkiv som vert danna har høg kvalitet i danninga.

Måloppnåing

Alle eigarkommunane har no framdrifts- og finansieringsplanar for å sikre arkiv frå 1837-1992 og få desse deponert i tråd med lov og forskrift.

Alle eigarkommunane våre har gjennom Digitalarkivet si løysing for Digitalt sikringsmagasin etablert ei fungerande løysing for langtidslagring av digitale arkiver.

Eigarkommunane skal ha framdrift og finansieringsplanar for å ta att etterslepet av avslutta system og få teke uttrekk og få desse sikra i tråd med lov og forskrift.

Eigarkommunane har signert tenesteavtalar for spesialrom for papirarkiv. Avtalane dekker behovet for arkiva frå 1837-1992 og til 2020 for nedlagde kommunar, slik forskrifta krev.


Eigarkommunane vil innan desember 2023 få på plass ein tenesteavtale med mål for framdrift og finansieringsplan for digitalisering av kulturarva. Planen skal sikre at ein når Stortinget sitt fastsette mål om at 10 % av dei kommunale arkiva skal vere digitalisert innan 2029.

Vi har dei siste åra helde jamlege arkivplan/internkontroll Workshop. Målet er at alle eigarkommunane har revidert sin dokumentasjonsstrategi og etablert internkontroll ved utgangen av desember 2023.

Organisasjon og personale

Grunnbemanninga vår er på 10 faste årsverk. Av desse er 5 årsverk finansiert gjennom basis og depottenestene og 5 årsverk gjennom oppdragsverksemda og oppdragsavtalar.

Dei siste par åra har vi teke inn sommarvikarar kvart år noko som har gjort vi har sysselsett fleire enn det grunnbemanninga skulle tilsei. Hå oss arbeider det om lag halvt om halvt med kvinner og menn og aldersspennet blant desse var i 2022 frå 19-48 år.



Bilde: Nokre av våre flinke tilsette

I meldingsåret utførte faste tilsette 6,9 årsverk som er ein nedgang på 1,4 frå året før. Dette kom av at to faste tilsette slutta hjå oss i 2022. Grunna usikkerheit kring erstatningslokale og byggeprosjektet vart stillingane deira ståande vakante og vi fekk ikkje tilsett fast att før mot slutten av året.

Tabell 1. Organisasjon og personale

NØKKELTAL	2020	2021	2022	ENDRING
Antall sysselsatte i løpet av året.	26	31	30	-1
Kvinner	11	15	15	0
Menn	15	16	15	-1
Antall årsverk faste	6,1	8,3	6,9	-1,4
Årsverk midlertidige og engasjement	10,3	6,6	8,2	1,6
Samla årsverk	16,4	14,9	15,1	0,2
Lønnsutgifter pr. årsverk ¹	786 179	637 334 ²	805 093	na
Lønnsandel av driftsutgifter	33 %	39 %	42 %	3 %
Sjukefravær	5,6 %	2,9 %	5,3 %	2,4 %

¹ Lønn og sosiale kostnader, pensjonar og forsikringar og personellkostnader pr. utførte årsverk.

² Tilbakeføringar frå KLP resulterte i at lønnsutgiftene pr. årsverk var særst låge i 2021.

Midlertidig tilsette utførde 2,8 årsverk og innleigd arbeidskraft utførde 5,4 årsverk. Den høge bruken av midlertidig tilsetjingar og innleige skuldast permisjonar og behov for ekstra arbeidskraft i samband med flytting og byggeprosjektet. Då vi fekk mange driftsforstyringar og utsetjingar i samband med flytteprosessane, vart midlertidig tilsette og innleigde forlenga ut året.

Helse miljø og tryggleik

Vi får bedriftshelsetjenester gjennom Volvat. Dei har dei siste åra bidrege med råd og rettleiing i samband med arbeidsmiljø. Arbeidsmiljøet handlar om korleis ein organiserer arbeidet. Her er både verneombod og tillitsvalt sentrale samarbeidspartar. Det å stå i ein pandemi, ein flytteprosess og ei omstilling samtidig har vore krevjande.

Arbeidsmiljøkartlegginga for 2022, som vart utført i samråd med verneombodet, synte og betring på fleire av referansepunkta til STAMI.³ Det bekreftar at systematisk Helse, miljø og tryggleiksarbeide gjev resultat. Då smitteverntiltaka opphørde i midten av februar opplevde vi ei auke i sjukefråværet og fråværet gjekk opp til 5,3 % som er ein oppgang på 2,4% frå året før.

Likestillingsarbeid

Alle offentlege verksemder skal rapportere på likestilling. Hjø oss føl vi opp krava til likestilling i styre og gjennom arbeidet med helse, miljø og tryggleik. Arbeide er kontinuerleg og handlar både om lov og forskriftskrav, men og korleis både leiing og tilsette opptre ovanfor kvarandre og utad mot andre.

Vi arbeider med likestilling gjennom å gjere bevisst på dei etiske verdiane våre, raus og ryddig. Raus handlar om korleis vi skal opptre ovanfor kvarandre som kollegaer og ryddig gjeld korleis vi skal opptre som arbeidsgjevar og samarbeidspart utad.

Dei siste åra har vi brukt arbeidsmiljøundersøkingar og QPSN⁴ og STAMI sine referanseverdier for å sjå om arbeidet gjev resultat. Målet er at ansatte og samarbeidspartar skal oppleve likestilling og at det ikkje foregår diskriminering eller trakassering i verksemda.

Utvikling og kompetanseheving

Vi er ei kunnskapsbedrift og kontinuerleg utvikling er noko vi ynskjer å leggje til rett for. Difor har den enkelte tilsette ein eigen kompetansepotte som det vert forventa at den tilsette bruker til å heve og vedlikehalde sin eigen kompetanse.

Vår kompetanse ligg i skjæringspunktet mellom arkivfag, jus og it, og kan samanfattast i det vi har valt å kalle kompetansetrekanten. I meldingsåret har det vore arbeida med å auke kompetansen på GDPR og personvern. Vi har styrka kompetanse innan databaser og fleire har teke både fagskule og høgskule utdanning innan arkivfag. Vi har styrka kompetansen for prosjektleiarane med Prince 2. sertifisering.

Det at verksemda aktivt legg til rette for utvikling av dei tilsette sin kompetanse har stor verdi for eigarane våre. Vi meiner at det og er med på å gjere oss til ein attraktiv arbeidsplass.

³ Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI)

⁴ QPSN Nordic er eit Nordisk spørjeskjema for psykologiske og sosiale faktorar i arbeid

Økonomi

Omsetninga auka i 2022 i forhold til fjoråret. Dette må sjåast i samanheng med at pandemien og alle smitteverntiltaka vart avslutta tidleg på året og vi kunne auke tenesteproduksjonen att. Det at vi og tok inn mange sommarvikarar, førte til at vi leverte meir tenester enn vi fyrst hadde budsjettert for.

Bak oss ligg fleire krevjande år der pandemi, ytre omstende og usikkerheit har gjort budsjettarbeidet utfordrande. Budsjettet vert utarbeida og vedteke 8 månadar før årskifte. Då vi såg føre oss at drifta ville bli redusert både p.g.a. av ein vedvarande pandemi og driftsforstyringar i samband med flytting og ombygging av kontorlokala vart budsjetttramma redusert med 12,2% for 2022.

Årsprisveksten for 2022 enda på 5,8% og kommunal deflator vart anslått til 5,3%.

Eigartilskotet

I økonomiplanen og budsjettet for 2022 auka eigartilskotet med 3%. Dette gjev eit grunnbeløp for kvar eigarkommune på 97 249,52 kr pr. og eit kronebeløp på 3,34 pr. innbyggjar.

Salsinntekter

Salsinntekter er nokolunde likt fordelt mellom depotavtalane og oppdragsavtalane. Då pandemien tok slutt i februar auka vi tenesteproduksjonen. Då byggeprosjektet vart utsett fleire gonger uteblei enkelte av driftsforstyringane og dei tilsette kunne levere meir arbeide. Mot slutten av året vart det arbeida særskild med å ta att etterslep i registrering og katalogisering.

Vi auka timeprisen med 2,5% frå 587,- til 602,- og hyllemeterkosten auka med 2,6% frå 501,- til 514,-

Tabell 2. Nøkkeltall økonomi

NØKKELTAL i 1000 kr		2020	2021	2022	ENDRING
Eigartilskot		2960	3086	3179	3 %
Salsinntekt		15933	15142	17921	+18,3%
Tilskot, statlege og andre		85	150	100	-33,3 %
Sum inntekter		18978	18378	21200	+15,3%
Lønn og sosiale utgifter		5 896	6245	8047	+28,9%
Husleige		3390	3622	3922	+8,3%
Andre driftsutgifter		8743	6267	7255	+15,7%
Sum		18 029	16134	19224	+19,3%
Resultat		948	2247	1976	

Lønn og sosial utgifter

Utgiftene til lønn og sosiale utgifter auka med 28,9% i 2022. Det skuldast at vi hadde fleire midlertidig tilsette i samband med byggeprosjektet og flytteprosessen. Samstundes vart faste stillingar ståande vakant deler av året og vi ikkje fekk tilsett før i mot slutten av året.

Husleige

I løpet av året auka utgiftene til kontor, magasin og forvaltning, drift og vedlikehald med 8,3%. Vi leigde både meir kontor og magasinareale enn før. I tillegg kom kostnadar med mellombelse lokale som eit

resultat av byggeprosjektet. Straumutgifter o.l. vert etterfakturert og vi må vente at noko av straumkostnadane fyrst kjem på 2023.

Andre driftsutgifter

Andre driftsutgifter er i hovudsak kjøp av tenester auka med 15,7 %. Dette skuldast både prisvekst og at vi var tvungne til å kjøpe fleire tenester i samband med forsering av arbeide og byggeprosjektet.

Byggeprosjektet 2020-2023

I oktober 2020 varsla Bergen kommune, Byarkivet om at det var sett i gang eit 3-årig program for å sjå på korleis ein kunne redusere leigd areal i Hansaparken. I tråd med arbeidsplasskonseptet, skulle cellekontor erstattast med aktivitetsbaserte arbeidsplassar.

Dei fyrste månadane av 2022 arbeidde vi med brukarmedvikring og utforming av teikningar og behov i dei nye lokala. Nokre funksjonar som, lesesal og mottak ville falle bort i samband med ombygginga og det måtte planleggast korleis dette skulle løysast. Framskunding av ordning og digitisering vart sett i gang som tiltak for å løyse tilgang til arkiva. Det vart og leigd inn fleire ressursar for å få gjennomført flytteprosessen for å unngå stopp i drifta.

Det krov mye logistikk og samarbeid når over 4 kilometer med arkiv frå to verksemder skulle omplasserast frå kontorbygget og til magasin i fjellet. Det var og eit tidspress då bygget etter planen skulle overleverast til huseigar så tidleg som mogleg sånn at riving og ombygging kunne starte.

Då Byarkivet presenterte flytteplanen, den 28.02.22, sat våre tilsette i to forskjellige bygg fordelt på 3. etasjar. Desse lokala måtte avviklast då erstatningslokala låg i eit nabobygg. Fram mot 18.05.22 då flyttinga skulle gjennomførast, arbeidde vi med å rydde oss ut av dei lokala vi sat i. Eit viktig moment var å få ordna og digitisert arkiv som ein del av flytteprosessen, slik at vi ikkje berre flytta arbeid men og ferdistillte arbeid når vi flytta.

Erstatningslokala vi skulle flytte til var mindre. I staden for å ta med gamle møblar, selde vi desse som ein del av flytteprosessen. Samstundes vart det levert brukte møblar som passa til erstatningslokala.





Bilde: Utflytting av gamle kontorer og avhending av brukte møblar. Samarbeid mellom Byarkivet og IKAH.



Bilder frå flytteprosessen – klargjering og innflytting i erstatningslokale

Den 11.05.22 kom meldinga frå Byarkivet om at byggeprosjektet var forseinka og at flytting var utsett til september. Den 17.08.22 vart vi orientert om at byggeprosjektet var ytterligare forseinka og at flytting igjen var utsett til oktober. Vi var då komne i ein situasjon at vi ikkje kunne vente lenger og tok ei avgjerd om at vi kom til å flytte til 1. september uavhengig av Byarkivet sin flytteprosess.

I løpet av hausten kom det beskjed frå Byarkivet om ytterlegare forseinkingar i byggprosjektet. I desember vart det klart at flytting for Byarkivet og byggstart tidlegast ville skje på nyåret 2023.

Som eit resultat av den forsinka prosessen, vart fristen for å ta i bruk opsjonen i husleigeavtala forlenga til juni 2023 og sjølve avtala forlenga til juni 2024.

«Kultur byggjer samfunn» Regional kulturplan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035

Fylkesutvalet vedtok 6. september å sende planen «Kultur byggjer samfunn» Regional kulturplan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 på høyring med frist 4. november.

Arkiv var i planen teke inn som ein del av det utvida kulturomgrepet og målsetninga er at Vestland skal vere ein leiande region innan arkivfeltet. Regionale planar forpliktar både eigarkommunane og oss som deira forvaltningsstøtte og tenesteleverandør innan arkivforvaltning.

Planen består både av ein aktør og fagplan og ein handlingsplan fram mot 2026 som set høge mål.

- Mål:**
1. Innbyggjarane i Vestland skal sikrast tilgjengeleg dokumentasjon som omfattar dei sjølvne og kulturane dei er del av, i tråd med prinsippa i menneskerettane og Grunnlova.
 2. Vestland skal vere leiande på digital bevaring og formidling av arkiv.
 3. Vestland skal vere ein pådrivar for kunnskapsdeling mellom aktørane på feltet.
 4. Vestland skal vere kjenneteikna av tett samarbeid mellom frivillige og profesjonelle aktørar.

I møte med desse utfordringane er det avgjerande å jobbe kunnskapsbasert og samordne innsatsen på arkivfeltet. Dagleg leiar deltok på høyringsmøta og vi leverte våre høyringsinnspel innan fristen 4. november. Den regionale planen vert lagt fram for fylkestinget våren 2023.

Arkivutgreiinga – utgreiing av ei framtidretta arkivorganisering i Vestland 2021-2023

Den 30. november 2021 vedtok fylkesutvalet at fylkeskommunen skulle engasjere ein ekstern part for å kartlegge og greie ut situasjonen for dei regionale arkiva i Vestland fylke og kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane.

Korkje eigarkommunane, representantskapet eller styret vårt har gjort vedtak, eller bedt om at ei slik utgreiing vart satt i gang. Grunna dei konsekvensane ei endra organisering av arkivinstitusjonane kan få, har det vore viktig at eit utgreiingsarbeidet vart gjort på ei armlengds avstand frå fylke sine egne interesser. Dette då fylkeskommunen både har ei regional rolle, interesser som tenestetilbydar og deltakar i et av to kommunale arkivsamarbeid i regionen i tillegg til si eiga rolla som kommune.

Menon Economics vart engasjert og dagleg leiar var ein del av ei referansegruppe som skulle gje faglege innspel til ei arbeidsgruppe, som vart leia av avdelingsdirektøren for kultur og folkehelse, i Vestland fylkeskommune.

Menon leverte sin rapport den 09.11.22. Løysinga dei tilrådde, K5 kombinasjonskonseptet, går ut på at ein startar med konkrete forbetringstiltak internt i fylkeskommunen, derunder rolleavklaringar. Ein bestiller og ei uavhengig utgreiing av det økonomiske forholdet mellom Vestland fylkeskommune og Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap. Vestland fylkeskommune arbeider deretter for å vidareutvikle si regionale rolle på fagfeltet og ta initiativ så snart som tida tillèt det, til å etablere Vestlandsarkivet, eit kommunalt samarbeid som samlar mest mogleg av arkivarbeidet i Vestland i ein arkivinstitusjon.

Styret inviterte til eigarmøte den 15.11.22. der vi orienterte om vidare prosess kring høyring og gav faglege innspel på det tilrådde K5 kombinasjonskonseptet. Styret kjem til å levere sitt høyringsssvar innan fristen 11.03.2023.

Arbeide for kommunane

Basistenestene

Basistenestene er tenester som blant anna vert finansiert av eigartilskotet og som vert ytt til alle eigarkommunane. Tenestene omfattar kommunekontaktordninga, rådgjeving, kompetansehevande arbeide, utvikling, formidling og andre faglege samarbeid.

Kommunekontaktordninga

Gjennomføring av krava og intensjonane i arkivlova og forskrifta krev tett oppfølging og høg samt spesialisert kompetanse. Som ei del av basistenestene får kvar deltakarkommune sin eigen faglege rådgjevar som føl dei opp i forhold til dette arbeidet. I 2022 har det vore fokus på deponeringsplan for digitalt skapte arkiv og avtale arbeidsordre på uttrekk.

Tabell 3. Basistenesta

NØKKELTAL	2020	2021	2022	ENDRING
Rådgjevingssaker	85	58	114	+ 56
Artiklar sosiale media	75	52	54	+ 2
Publikasjonar, artikler tidskrift & aviser*	8	6	7	+1
Kompetansetiltak, møter, kurs, webinar o.l.	4	7	19	+ 12
Deltakarar på våre kompetansetiltak	90	152	216	+ 64
Arkivtilsyn der vi har delteke	3	3	2	-1
Antall frivillige UiB	7	9	19	10
Antall praksisplass	na	na	1	1
Antall studiepraksiselevar UiB	2	3	2	-1

I 2022 auka talet på rådgjevingssaker og deltakarar på våre kompetansehevande tiltak med over 50% frå året før. Utviklingstakten i kommunane gjekk opp eit par knepp då smitteverntiltaka vart oppheva og mykje arbeide skulle takast att.

Arkivkartlegginga

I april 2022 starta vi eit arbeide med mål om å kartlegge arkivbestanden i eigarkommunane våre. Føremålet var å få ei oversikt over kor mykje papirarkiv det er ute i kommunane som ikkje er deponert hjå oss slik kan det kunne planleggjast for den framtidige magasinutviklinga vår. Vi heldt eit webinar om kartlegginga 30.11.22, der vi orienterte om bakgrunn og foreløpige resultat.

Deponeringsplan for e-arkiv

Manglande deponeringsplan for e-arkiv var det pålegget som gjekk att flest gonger i Arkivverket sine tilsynsrapportar. I meldingsåret vart det satt i gang eit samarbeid med kommunar i Nordhordland om å lage ein mal for ein plan for uttrekk og deponering av elektronisk materiale. Alver kommune var ein av dei fyrste til å ta i bruk denne malen i juli 2022.

Utvikling og forbedring av digitalt sikringsmagasin DSM

I meldingsåret deltok vi i ein pilot med Arkivverket kring utvikling og forbedring av tenestene kring digitalt sikringsmagasin DSM. Vi ferdigstilte ein pilot vi hadde etablert med Arkivverket i mars og i juni vart tenestevalane endra og den nye løysinga for digitalt sikringsmagasin sett i drift. Vi hadde då testa overføring av 77 arkivuttrekk til langtidsbevaring.

Samstundes inngjekk vi eit samarbeid med Region Nordhordland om å dele kompetanse og arbeide for å forenkle prosessane kring produksjon og sikring av digitalt skapte data. Dette medførte aukt engasjement hjå kommunane og fleire kommunar kom i løpet 2022 i gang med å ta att etterslepet.

Piloten vart omtala på Arkivverket sine nettsider 05.09.22 og Avdelingsdirektør, Espen Sjøvoll gav oss anerkjenning for å ta ansvar og gå framfor med eit godt eksempel.



Avdelingsdirektør i Arkivverket Espen Sjøvoll er glad for at IKA Hordaland går foran med et godt eksempel. Foto: Vegard Breie/Arkivverket.

Bilde frå artikkel på nettsida til Arkivverket

Rådgjevar Janny Sjøholm heldt og eit innlegg på KAI-konferansen 14.09.22. i Oslo, der vi delte våre erfaringar med samarbeidet med Arkivverket. Innlegget vart godt motteke og vi opplevde at det var interesse for å vite meir om vårt arbeide. I november 2022 opna Arkivverket Digitalarkivet som digitalt sikringsmagasin for andre aktørar og. I ei nasjonal fellesløysing kan data forvaltast og teknologi og hardware kan bytast ut i takt med den teknologiske utviklinga og sikre at dei faktiske arkivdataene som er overført vert langtidsbevart.



Avsluttede digitale arkiv hos de 24 eierkommunene til IKA Hordaland skal nå få en trygg plassering hos Digitalarkivet.

Foto: Colourbox.com

PUBLISERT 14.09.2022 08:36

IKA Hordaland først ute med å bruke Digitalarkivet som sikringsmagasin

IKA Hordaland er første kommunale aktør til å ta i bruk Digitalarkivet for langtidsbevaring av digitalt skapte arkiv. Arkivverket ser gjerne at resten av Kommune-Norge følger etter.




Samarbeidsrådet for Digitalarkivet

Vi har og gjennom 2022 delteke i samarbeidsrådet for Digitalarkivet. Det er gjennomført fire møter der føremålet har vore å utvikle den nasjonale fellesløysinga til og å kunne romme kommunale arkiv og dei behova som kommunane har. Her har vi gjeve innspel til mottak og bevaring, sjølvbetjening og korleis statistikk frå Digitalarkivet kan brukast til å gjere oss meir datadrevne.

Samarbeid og samordning er sentrale verkemiddel i vår strategi for å løyse kommunane sine behov.

Utvikling av eit felles fagtidsskriftet AKSESS

På den Kommunale arkivkonferansen i Trondheim i 2021 vart det vedteke å etablere eit nytt fagtidsskrift, Aksess. I 2022 har Fagleiar, Knut Kjosås, delteke i prosjektet og redaksjonen. Det er arbeida med å utvikle ei abonnement og nettløysing. Den fyrste utgåva var klar i november og nettutgåva var klar til pålogging rett over nyttår.



NYTT TIDSSKRIFT | NYTT TIDSSKRIFT | NYTT TIDSSKRIFT

AKSESS


NUMMER 1 FOR 2022

TIDSSKRIFT FOR ARKIV + DOKUMENTASJONSFORVALTNING
Her finner du kritisk journalistikk, refleksjon, debatt, erfaringsdeling og underholdning.

AKSESS-TIDSSKRIFT.NO

POST@AKSESS-TIDSSKRIFT.NO

Dette er eit løft for heile sektoren. Det er viktig at arkiva og verdien av desse vert synleggjort og at arkiva vert debattert.



Bilde: Fagleiar og medlem i redaksjonen, Knut Kjosås under åpninga av Aksess 11.november 2022.

Evaluering av arkivutviklingsmidlane

I mars 2022 inviterte Arkivverket aktørar til å sjå på korleis arkivutviklingsmidlane burde fordelast i åra som kjem. Dette for å sikre at midlane svarar på sektoren sitt behov. Arkivforbundet ba oss om å delta i dette arbeidet. Vi deltok på 5 møter der vi gav innspel til korleis midlane best kunne brukast til å støtte behov som kommunane og kunne nyte godt av. Sluttrapporten vart levert til Arkivverket i desember 2022.

Arkivdagen 2022

Arkivdagen 2022 vart vikt til markeringa av skeivt kulturår. Det var 50år sidan homofili vart avkriminalisert i Noreg. Vårt bidrag var mellom anna ein digital artikkel om dei kommunale likestillingsutvala. Kommunane var ikkje pålagt å opprette egne likestillingsutval. Frå kommunane i tidlegare Hordaland fylke oppbevarer vi arkiv etter likestillingsutvala i Sveio, Odda, Fusa, Fjell og Askøy kommunar. Arbeidet kommunane har gjort retta mot likestilling er også dokumentert i saksarkiva etter formannskapa og sentralarkiva.

Privatarkivkonferansen 14.-15. november i Bergen.

Vi stod som medarrangør for Privatarkivkonferansen i Bergen i november 2022. Det er viktig å setje fokus på dette arbeidet. Sjølv om vi ikkje driv aktiv innsamling av privatarkiv frå våre kommunar, tek vi i mot privatarkiv som er kommunalt eigde, dersom kommunane våre ynskjer dette.

Aktørprosjektet III

Arkivskildringar er eit omgrep for all den informasjonen vi registrerer om eit arkiv. Gode skildringar bidrar til økt kunnskap om arkiva og er naudsynt ved framfinning i dei. I dei ulike arkiva kan vi finne ei rekke aktørar, også kjent som arkivskaparar. Dei siste tre åra har vi med støtte frå Arkivverket arbeid fram standardiserte skildringar av 60 kommunale arkivskaparar etter 1965. Arbeidet har lagt til rette for meir effektiv formidling og forskning. Det er i tillegg til artiklar, trykt opp ei bok og laga to digitale utgåver både på bokmål og på nynorsk.

Rådgjevar og Redaktør Thea Nilsen overrekker den ferdige utgåva til Riksarkivar Inga Bolstad.



Digitale arkivglimt

I samarbeid med biblioteka/innbyggartorga i Øygarden kommune arrangerte vi tre arrangement i løpet av våren 2022. Her viste vi små glimt frå dei mange arkiva som er gjort tilgjengelege på digitale plattformar som Digitalarkivet. På arrangementa vart det fortalt korleis Øygarden kommune tek vare på dokumenta sine, og kva for informasjon vi kan finne i nye og eldre arkiv. Lokale godbitar frå blant anna samferdsel, skule, fattigvesen og næringsliv vart presentert. Arrangementa var svært vellykka, og vi tok med oss mange gode erfaringar. Vi arrangerte og eit webinar kring dette arbeidet.

Deltaking i New professionals programmet

Rådgjevar Janny Sjøholm vart i 2021/2022 oppnemnd til å delta i ICA New Professionals programmet. International Congress on Archives vart helde i Roma i september. Dei som deltek får dekkja reise og opphald og deltek på eit mentorprogram.

At våre tilsette får internasjonale verv er positivt for oss og ei tillitserklæring. Det gjer oss til ein attraktiv arbeidsplass samt gjev tilsette høve til fagleg utvikling som og kjem eigarane til gode.

REISEBREV



// **New Professionals 2021 og 2022.** Øverst fra venstre: Susannah Tindall (Australia, 2022), Jenny Sjöholm (Norge, 2022), Oscar Zamora Flores (USA, 2022), Luz María Narbona (Chile, 2021), Zoe Dickinson (Storbritannia, 2021), Makutla Mojshele (Sør-Afrika, 2021), Elisabeth Klindworth (Tyskland, 2021). Nederst fra venstre: Lerato Tshabalala (Sør-Afrika, 2022), Laura Yturbe Mori (Peru, 2022), Gina Chacon (Costa Rica, 2022), Francesca Mackenzie (Storbritannia, 2021). Foto: Nicola Laurent. //

REISEBREV FRA ICA-KONFERANSEN I ROMA

Av Janny Sjøholm, rådgiver ved Interkommunalt arkiv i Hordaland

56 ARKIVRÅD • 2/2022

I september samlet rundt 650 arkivører og dokumentasjonsforvaltere fra hele verden seg i Roma for den første fysiske konferansen International Council on Archives (ICA) har arrangert siden før pandemien. Jeg deltok gjennom vervet mitt som New Professional i ICA, som jeg skrev om i tidligere utgave av Arkivråd!

Jeg ankom Roma noen dager før konferansen for å møte de andre fra the New Professionals Programme – inkludert de andre New Professionals, og koordinatorene og mentorene som vi har jobbet tett med gjennom det siste året. De som ikke hadde mentor som selv skulle delta, fikk tildelt en konferanse-buddy som skulle inkludere og introdusere oss for sine nettverk. Jeg hadde selv min egen mentor, Margaret Crockett, til stede, men ble også tildelt Claudi Roberto som konferanse-buddy. Det var fordi Margaret hadde mange oppgaver i forbindelse med konferansen og sannsynligvis kom til å være veldig opptatt. Jeg smilte innledningsvis opp med å se Margaret en hel del, og ble på den måten den heldige i gjengen med to tilstedeværende «foreldre». New Professionals gruppen fra kullet før meg fikk også del i Roma. Det føltes til tider som vi var en saueflokk som ble ledet gjennom Romas gater fra møte til møte av verdens mest tilmodige koordinatore.

ICA arrangerte flere møter i forkant av konferansen, og vi i programmet var med på noen av dem. Vi ble blant annet introdusert for Programkomiteen (PCOM). PCOM er ansvarlig for å planlegge og koordinere ICAs ulike aktiviteter samt koordinere ekspertgruppene, de profesjonelle seksjonene, de regionale avdelingene og de ulike



// Vandrende saueflokk langs Romas gater. Foto: Nicola Laurent. //

programmene. PCOM er blant annet ansvarlig for New Professionals programmet, og de ønsket å møte oss personlig og høre våre innspill om hva ICA kan forbedre. Vi hadde også møter der vi gikk gjennom logistikken rundt konferansen, forberedte oss på å stå på stand og gjorde oss klare til gruppepresentasjonene forbeholdt hver New Professionals gruppe.

1 https://www.ica.int/dms/assetmanager/view/arkivrad_1_2022.pdf

57 ARKIVRÅD • 2/2022

Kontaktkonferansen

For første gong på to år kunne vi igjen arrangere kontaktkonferanse der vi fekk møte dei mange dyktige arkivmedarbeidarane ute i eigarkommunane våre.



Bilde: Vinnerene av Arkivquiz på Kontaktkonferansen 2022

Praksisstudentane og praksisplass

Universitetet i Bergen (UiB) tilbyr gjennom studieemnet AHKR201 «Praksis i arbeidslivet». Emnet er knytt til Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap. Dette er eit emne som gjev 15 studiepoeng og skal gje studentar fagleg kompetanse gjennom deltaking i arbeidsoppgåver som kan vere relevante for studieretninga deira.

Vi har i fleire år no hatt eit samarbeid med UiB kring dette og i 2022 tok i vi i mot to studentar som både hadde 200 timar praksis hjå oss. Etter endt praksis fekk dei både tilbod om sommarjobb hjå oss.

Våren 2022 innleia vi og et samarbeid med ei arbeidsmarkedsbedrift om utplassering av ein person i arbeidspraksis hjå oss. Vedkommande fekk og tilbod om sommarjobb hjå oss etter endt praksis.



Bilde: Praksisstudentane våre 2022

Frivilligåret 2022

Året 2022 var frivillighetsåret og vi hadde heile 19 personar som utførte frivillig arbeide hjå oss. Dei som er frivillige hjå oss, er i hovudsak studentar frå Det humanistiske fakultetet ved Universitetet i Bergen. I samband med administrasjon av frivilligarbeidet vart det søkt om kulturmilder frå Vestland fylkeskommune. Dessverre vart det ikkje gjeve noko økonomisk støtte.

Arkivverket deltar i samarbeidsprosjektet «Leading and Learning - Connecting Nordic Museums and Archives in Volunteer Leadership». Gjennom ei undersøking av bruk av frivilligheit ynskjer Arkivverket å hauste erfaringar. Vår erfaring er at frivillige er viktige, spesielt i forhold til å auke digital tilgang til arkivmateriale. Vi kjem til å forsetje med dette og i 2023.

Samarbeid med andre


Gjennom året både besøkte vi og fekk besøk av ei rekke andre arkivinstitusjonar. Føremålet er å både å dele kunnskap og å få innspel på korleis vi kan levere betre tenester til våre kommuner.



Besøk frå DigiVestland, v Simen Soltveit og Irene Ramsøy.



Besøk frå Oslo Byarkiv v/ Johanne Bergkvist og Kai Samuel Vighart, frå Tv-serien Ukjent arving.



Rådgjevar Hans Sindre Rein tek i mot besøk frå Stavanger Byarkiv i forbindelse med opplæring då dei og skal ta i bruk DL mini 400.



Rådgjevar Janny Sjøholm og Rådgjevar Thea Nielsen besøker IKA-Kongsberg og fekk sjå på deira digitiseringsløype.



Fagleiar Knut Kjosås og Konsulent Adisa Zvekic besøkte Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana for å sjå og lære korleis dei arbeider.

Depottenestene

Depottenestene består av to tenesteavtalar som omfattar sikring og formidling av både analoge og digitale arkiv. I følgje arkivforskrifta § 18, skal alle kommunar ha ei depotordning. I 2022 hadde alle dei 24 eigarkommunane teikna avtale om å bruke oss som si depotordning.

Arkiverket sine tilsyn syner at det framleis er behov for å opparbeide forskriftsmessige arkivlokale sjølv om utviklinga går i retning av digital arkivskaping. Trygg lagring og forskriftsmessige lokale gjeld uavhengig om formatet er papir eller digitalt.

Sikringsmagasin for papirarkiv

Gjennom tenesteavtala får kommunane tilgang til spesialrom for papirarkiv som skal tilfredsstillе NS-ISO 11799:2015 for eldre og avslutta arkiv. Minimumskravet i forskrifta seier at administrative arkiv som vart skapt før 1992 no skal vere ordna og deponert. I tillegg skal avslutta arkiv frå alle nedlagde kommunar og vere deponert.


Arkivstatistikken frå Arkiverket fortel at vi er den depotinstitusjonen som % vis har samla inn og bevart mest papirarkiv dei siste 10 åra. Då vi flytta til Hansaparken i 2009 bevarte vi 954 meter arkiv for kommunane. Det meste av kommunale arkiv stod då framleis ute både i kjellarar og på loft hjå dei enkelte eigarkommunane.

Arbeidet med deponering av kommunale arkiv.

Hausten 2012 såg vi slutten på arbeidet med å ordne og katalogisere arkiva frå 1837 fram til 1965 og den store kommunereforma som var då. Det vart då sett i gang eit felles toårig prosjekt som hadde som mål å samordne, kartlegge og greie ut behovet for ordning og depotplass for arkiva etter 1965 og fram mot 1990 talet. Rapporten vart levert i januar 2015 og viste at 2216 hyllemeter hovudsakleg frå 1965-1985 då var henta inn til ordning. I tida fram mot 2020 vart det henta inn både etterslep samstundes som ei rekkje samanslåingskommunar deponerte sine arkiv. Hausten 2021 såg vi starten på slutten på arbeidet med å ordne og katalogisere arkiva frå 1965-1991.

Våren 2022 vart det difor sett i gang eit nytt kartleggingsarbeid. Arbeidet viste at det var 6230 hyllemeter med papirarkiv att i kommunane. Materialet er i hovudsak frå perioden 1990-2020.

Figur 1. Avslutta papirarkiv i eigarkommunane frå tidsrommet 1990-2020.



I november og desember gjennomførte vi eit arbeide med å komprimere arkiva der målet var å betre utnytte plassen vi har i magasinerna. Gjennom dette arbeidet fekk vi opparbeida 240 hyllemeter.



Bilde: Flytting av arkiver i «melkebur»

Tabell 4. Nøkkeltal bestand

NØKKELTALL	2020	2021	2022	ENDRING
Tilvekstar offentlege arkiv hyllemeter	1645	1303	216	-1087
Offentlege arkiv bestand hyllemeter i depot	10563	11928	11845	-83
Tilvekstar privatarkiv hyllemeter	34	0	22	22
Privatarkiv bestand hyllemeter i depot	72	63	105	+42
Samla bestand (offentleg og privatarkiv)	10562,8	11928	11950	+22
Ledige hyllemeter i magasin pr. 31.12.	824	2609	2050	-559

Etter 2009 har eigarkommunane våre deponert heile 10 996 meter arkiv og no bevarer vi 11 950 hyllemeter arkiv. Vi nyttar ASTA og Arkivportalen som fagsystem for å løyse kravet kommunane har i forhold til register over bestand og katalog. Data frå registera vert brukt i nasjonale statistikkar og i arbeidet med å digitalisere arkiv og gjere desse søkbare for eksempel via Digitalarkivet.

Tabell 5. Nøkkeltall katalog

NØKKELTALL	2020	2021	2022	ENDRING
Arkiv registeret i ASTA	3993	4284	4739	10,6 %
Registrerte arkivstykker, ASTA	89064	109221	122346	12,0 %
Registrerte mapper, ASTA	490636	625511	724351	15,8 %
Publiserte arkiver, Arkivportalen	3202	3520	4569	30 %
Publiserte arkivstykker, Arkivportalen	62495	71914	84835	18 %
Publiserte mapper, Arkivportalen	140390	178596	196610	10,0 %

Gjenbruk av data gjev treff på arkiv, serie, saksnivå og mappetittlar. Publikum får dermed lettare tilgang til arkiva, t.d. gjennom lesesal eller scan on demand. Sakshandsamarar kan og sjølv søke i arkivkatalogen og få betre treff og dermed redusere tida på sakshandsaming av innsyn.

Statistikken syner god progresjon dei siste åra, trass i at vi har vore gjennom ein pandemi med mange smittevernrestriksjonar.

Innsyn i arkiva

Vi har sett oss eit mål om at vi skal klare å levere innsyn digitalt innan 1-3 virkedagar frå vi mottar bestillinga. Dei siste åra har talet på innsynsforespurnadar auka. Sakskomplekset er meir omfattande enn før, noko som fører til at vi må bruke meir tid til innsyn. Sjølv om vi har endra organisering slik at vi har fleire ressursar som sakshandsame innsyn i arkiva er det krevjande å møte dei aukande krava.



Bilde: Lesesal som vi deler saman med Bergen Byarkiv.

Tabell 6. Nøkkeltal innsynssaker

NØKKELTAL	2020	2021	2022	ENDRING
Innsynssaker i papirarkiva	561	746	749	0,4 %
Besøk på lesesalen	15	10	11	10 %
Timer brukt til innsyn	880	1331	1379	4 %
Tidsbruk pr. innsyn (timer og minutter)	1,34	1,47	1,48	13,8 %

Både depotarbeidet og arbeidet med digitalisering av kulturarva, som starta i 2019, ser ut til å ha ei effekt på talet på innsyn. Sjølv om vi har færre lesesalsgjester opprettheld vi likevel tilbodet.



Bilde: Skannerrommet, med A1 Copybook og DL 400 mini.

Digitalisering av kulturarva

Det nasjonale målet er et 10% skal vere digitisert innan 2029. Riksrevisjonens si undersøking av digitalisering av kulturarva, Dokument 3:4 (2016-2017) slo fast at ein svært liten del av kulturarva som dei kommunale arkiva representerer er digitisert og gjort digitalt tilgjengeleg for publikum.

Ålmenn tilgang til arkiv som informasjonskjelder kviler på FNs bærekraftsmål om demokratiske rettar for den enkelte innbyggjar. Frå 2019, då Digitalarkivet (DA) vart opna for oss som tenestetilbydar, har vi gjennom avtalen med Arkivverket digitisert kommunale arkiv, eldre en 100 år og publisert desse opent tilgjengeleg.

Gjennom året arbeide vi både med forbetre prosessane og å auke kvaliteten på arbeidet. I februar tok vi i bruk ein ny større skannar som og kan ta opp til A1 format. Vi deltok på Nasjonalbiblioteket sin konferanse i Mo i Rana der vi fekk innblikk i korleis de driver fabrikk innan kulturarvdigitalisering.

Samordning av digitalisering av den kulturarven dei kommunale arkiva representerer er avgjerande for å sikre at enkelte kommunar ikkje fell bak og at vi dermed får eit digitalt klasseskilje. I desember 2022, tilsette vi ein konsulent med ansvar for digitaliseringsarbeidet. Då vi seinare same månad fekk besøk frå den Sveitsiske leverandøren av DL Mini 400 maskina i samband med sørvis synte tellevirket at denne skannaren no var ein av dei mest produktive i drift.






Bilde: Konsulent Inge Vikane monterer ny A1 Copybook bokskanner som kom i februar 2022.

Tabell 7. Nøkkeltal Digitalisering av kulturarva

NØKKELTAL	2020	2021	2022	ENDRING
Totale antall bilder tilgjengeleg via Digitalarkivet	122837	308676	730731	136%
Totale antall sider tilgjengeleg via Digitalarkivet	245674	617352	1461462	136%
Totale arkivstykker / bøker tilgjengeleg digitalt	1135	2488	4041	62 %
Antall stykker /bøker digitisert pr. år	1135	1353	1526	12 %
Antall bilder digitisert pr. år	122837	182839	396597	116 %
Anntal sider digitisert	245674	365678	793194	116 %
Antall visninger via digitalarkivet pr. år.	80938	146834	177846	21 %

Statistikken syner at talet digitale sider som er tilgjengeleg på Digitalarkivet meir en dobla seg frå fjoråret. Noko av årsaka er at vi no både opererer ein «state of the art» skannar og har utvikla ei effektiv produksjonslinje som er bemanna med dyktige skanneoperatørar. Vi nærmar oss no eit nivå der det er vanskeleg å auke produksjon utan at det medfører investeringar eller at vi må auke talet på tilsette. Vi har allereie ei skiftordning der operatørane skannar to skift av tre timar kvar og sjølv om eit tredje skift er mogeleg, ville det truleg utløyst stordriftsulemper.

	Uke 50		Dato: 12. des. - 16. des. 2022			
	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	
	<i>Hoved skannerrommet</i>					
1. skift 09:00 - 12:00	Adisa	Henrik	Aina	Kjersti	Jørn	
2. skift 12:00 - 15:00	Elizabeth	Håvard	Anders	Inge		<i>Julelansj</i>
Hente og levere	Hermund					
	<i>Tapperiet</i>					
1. skift 09:00 - 12:00	Andrea (F)	Hanne-Sofie (F)	Fredrik (F)	Fredrik (F)		
2. skift 12:00 - 15:00	Sean (F)	Sean (F)	Silje (F)	Malin (F)		

Bilde: Skiftplan digitisering veke 50.

I frå 2023 vil digitiseringsarbeidet verte ein del av dei tenestene eigarkommunane får inkludert i depotavtala dei har med oss. Arbeidet vert finansiert over depotleiga og det er planlagt eit årsverk årleg framover slik at kommunane kan nå det nasjonale målet om at 10% av denne delen av kulturarva skal vere digitisert innan 2029.

Av den totale mengda arkivstykker vi har publisert på arkivportalen, har vi no digitisert 4,7 % slik at det er eit stykke igjen før vi når målet om 10 %. Eit anna moment her er at, mållinja flytter seg etter kvart som kommunane deponerer meir arkiver til oss.



Bilde: Servicepersonell frå Sveits tek vedlikehald på DL 400 mini.

Digitalt sikringsmagasin, DSM.

Arkivverket si årlege kommuneundersøking frå 2014 fortalde at 76 % av kommunane i Hordaland fylke aldri hadde teke uttrekk frå fagsystema sine. Vi gjennomførte i september 2015 ei kartlegging av elektroniske arkiv for å få oversikt og sjå på korleis vi kunne bidra til å få tatt att etterslepet.

I kartlegginga fann vi 889 elektroniske system. Av desse var 458 system aktive, 237 var avslutta og 194 hadde ukjend status. Ved utgangen av 2014 hadde vi motteke 59 system frå kommunane og det var eit etterslep på 178 system. Av desse var 46 frå kategorien sak-/arkivsystem og 132 system var system frå dei ulike fagområda som kommunane arbeider med. Av desse var 69 system vurdert til å ha høg bevaringsprioritet då dei omfatta rettsdokumentasjon⁵.

Kartleggingsrapporten synte at arbeidet med å ta att etterslepet og få sikra dei 178 systema som var avslutta ute i kommunane ville krevje minimum 15,5 årsverk, eller 12,4MNOK.⁶ Det vart arbeida med å finne finansiering for eit prosjekt. Samstundes kom kommune og regionreforma og la beslag på dei fleste av ressursane våre og vi sat att med om lag ½ årsverk til å arbeide med etterslepet. Dette førte til at ved årsskifte 2018, hadde framleis 54 % av Hordalandskommunane ikkje bevart noko som helst.

⁵ Rapport kartlegging av elektroniske arkiv. 01.09.2015 sak 15/14

⁶ Estimert arbeidskost i 2016.

Hvis vi ikkje fyrst sikrer den elektroniske arkivbestanden, har vi ingenting å bevare – eller langtidslagre, ei heller noko å formidle⁷.

Året etter vart arbeidet med å løyse etterslepet for kommunane teke opp att. Arbeidet gjekk på fram og då pandemien slo til i mars 2020 hadde vi redusert etterslepet med ytterlegare 12%. Hausten 2020 starta vi eit strategisk samarbeid med IKT- Nordhordland og Diginordhordland. Det vart etablert eit samarbeidsprosjekt saman med 10 kommunar som resulterte i ein rapport og fleire tiltak i tilknytning til, lagring, bevaring og innsyn i kommunal dokumentasjon og data for framtida.⁸

Rapporten var og ei bestilling til oss om å løyse eigarkommunane sitt behov for sikring av system og kommunale data i eit 50 års perspektiv. Vi starta difor hausten 2021 ein pilot saman med Arkivverket på bruk av Digitalarkivet som sikringsmagasin. Samstundes leigde vi inn meir ressursar for å forbetre arbeidsløypa kring uttrekk og sikring av data. Dette resulterte i at vi i juni 2022 teikna ei driftsavtale om bruk av Digitalarkivet som digitalt sikringsmagasin, DSM.

Tabell 8. Nøkkeltal Digitalt depot

NØKKELTAL	2020	2021	2022	ENDRING
Tilvekst (aksjesjon) mottekne systemdumper	3	41	88	114 %
Samla bestand av digitale arkiv (arkivpakker)	118	159	247	55 %
Antal uttrekk (arkivpakker) under arbeid	118	159	164	na
Samla bestand ferdige uttrekk lasta inn i DSM	na	na	83	na

Tabellen viser at innsatsen for å få inn avslutta system frå eigarkommunane har gjeve resultat. Ved utgangen av 2022, var talet på eigarkommunar i gamle Hordland fylke som ikkje hadde teke uttrekk komme ned i 3 %. Samstundes står det att mange timar med arbeide før kvar av dei innkomne systema er ferdig bearbeida og sikra og lasta inn i DSM. Oppdaterte estimat som inneheld forbeta arbeidsmetodar, syner at kostanden med å ta att etterslepet og sikre avslutta digitalt skapet arkiv, no er redusert til vel 6,9MNOK⁹.


Arbeidet med å ta att etterslepet som fyrst starta med Nordhordlandskommunane vart i juni 2022 utvida til eit felles prosjekt for alle eigarkommunane. Då kommunane ikkje hadde budsjettet, for dette arbeidet i 2022, vart det bestemt at vi skulle forskottere arbeidet. Vi heldt to informasjonsmøte der det vart orientert om prosjektet og kostnader. Den 14. september sende vi orientering om kostnader slik at kommunane kunne innarbeide dette i budsjetta for 2023.

⁷ Rådgivar, Janny Sjøholm sitt innlegg på Kommunearkivkonferansen i Oslo i september 2022

⁸ Rapport, Lagring, bevaring og innsyn i kommunal dokumentasjon og data for framtida 15.06.21.

⁹ Estimert kostnad i 2022 kroner og under føresetnad om at tala kommunane ikkje har fleire system som skal omfattast av prosjektet.

Fig. Flytskjema for løysinga med sikker bevaring¹⁰



Oppdragstenestene

Oppdragstenestene omfattar arkivfaglege tenester som vert finansiert gjennom oppdragsavtalar eller arbeidsordre. Hjø oss er 5 årsverk knytt til oppdrag frå kommunane. Hovuddelen av oppdraga går ut på å ordne og katalogisere arkiv, samt å ta uttrekk av arkiv og fagsystem.

Arkivverket har dei siste 4-5 åra gjeve våre kommunar over 50 pålegg om planar, uttrekk, sikring og ordning av eldre og avslutta materiale. Det er eit krav om at kommunane må lage ein framdrift og finansieringsplan. Arbeidet skal som regel vere slutført innan 3 år etter at tilsynet har funne stad.

Ordning og katalogisering reduserer behovet for nye magasin. Ansvarleg forbruk og produksjon for å betre nytting av ressursane, er eit av FN sine bærekraftsmål og noko kommunane våre har forplikta seg til. Gjennom å ordne arkiva gjer vi dei ikkje berre meir tilgjengeleg, vi reduserer og mengda arkiv vi treng lokale til i framtida.

Tabell 9. Nøkkeltal ordningsarbeid og ordningsgrad

NØKKELTAL	2020	2021	2022	ENDRING
Offentlege arkiv ordna og katalogisert pr. år	2206	2326	920	-1406
Privatarkiv ordna og katalogisert pr. år	0	0	105	+105
Bestand ordna og katalogisert pr.år	2206	2326	1025	-1301
Bestand (ordna og katalogisert)	6350	8739	9764	+1025
Samla bestand (offentleg og privatarkiv)	10562,8	11928	11950	+22
Ordningsgrad i % av samla bestand	60,1	73,3	81,7	+8,4

¹⁰ Arkivpakkeskaper er i dette tilfelle oss som depotinstitusjon.

Alle arkiv skapt før 1950 er kommunane pålagt å bevare på papir. Hovuddelen av dette arbeidet vart slutført i 2015. Dei siste par åra har vi arbeida med å ordne arkiv frå 1965-1992 og med arkiva etter samanslåingskommunene med mål om å få alle eigarkommunane innfor forskriftskrava.

Volumet av ordna arkiv var mindre i 2022 enn fjoråret. Det vart derimot brukt tid på etterarbeid med å katalogisere og publisere arkiva. Sjølv om byggeprosjektet og førte med seg utfordringar vart det ordna over 1 kilometer arkiv og ordningsgraden av samla bestand auka frå 72,7% til 81,7%

I løpet av dei siste åra er alle katalogane gjort digitale og søkbare tilgjengeleg på arkivportalen. Vår erfaring er at for kvar meter vi ordnar går 15-20 cm bort i arkivavgrensing, kassasjon og komprimering. Dei siste årene med ordningsarbeide, har redusert mengda som skal lagrast for ettertida med nær 2 kilometer. I eit livsløpsperspektiv betyr dette innsparingar både i kroner og i miljø sidan det ikkje då er nødvendig med store utbyggingar.



Bilde: Jørn Harald Grov ordnar og katalogiserer arkiv.





**KEEP
CALM
AND
ARCHIVE
ON**



Raus og ryddig

www.ikah.no

Kalfarveien 82, 5022 Bergen

telf.: 55 30 60 90

e-post: post@ikah.no

facebook.com/ikahordaland

Instagram: [@ikahordaland](https://www.instagram.com/ikahordaland)